



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
004/18	Samfunn og utviklingskomite	15.03.2018
019/18	Bystyret	22.03.2018

Høyring om krav til leveringspliktige posttenester i framtida - forslag til endring av postlova

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Førde bystyre kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikta og distribusjon av lokalavisene. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.

15.03.2018 Samfunn og utviklingskomite

Handsaming:

Finn Ove Njøs (H) fremja følgjande framlegg til alternativt vedtak:

"Førde bystyre rår til at kravet til omfordelingsfrekvens for posttenester går til annan kvar dag."

Avrøysting:

Njøs sitt framlegg fekk 4 røyster (Njøs, Steen, Roska, Frimannslund) og **vart tilrådd** med leiar si dobbelrøyst

SUK-004/18 Vedtak:

Førde bystyre rår til at kravet til omfordelingsfrekvens for posttenester går til annan kvar dag.

22.03.2018 Bystyret

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg fekk 18 røyster og **vart vedteke**

BY-019/18 Vedtak:

Førde bystyre kan ikkje akseptere eit redusert omfang av leveringspliktige posttenester som vil slå særleg negativt ut for distrikta og distribusjon av lokalavisene. Lange avstandar og vanskeleg topografi vil gjere det vanskeleg for mange å nytte postboks for å ta imot daglege postsendingar.

Bakgrunn for saka:

Samferdsledepartementet har bedt [Copenhagen Economics om å greie ut ulike scenarier](#) for leveringspliktige posttenester og statleg kjøp.

Bakgrunnen for endringa i postloven skriv seg frå at behovet for å sende fysisk post er drastisk redusert. Norske hushaldningar mottok i 2017 gjennomsnittleg 3,9 brev og verksemder mottok gjennomsnittleg 13,2 brev i veka. Kvar hushaldning mottok i heile 2017 sju småpakkar i postkassa og dette talet er aukande. Norge har i dag ei ordning med finansiering av dei ulønnsomme delane av leveringsplikta og kjøp av distribusjon av aviser i abonnement i område utan kommersielle avisbudnett på laurdagar over statsbudsjettet. Utviklinga dei siste åra har gått i retning av at lønsemda i samband med leveringsplikta minkar, trass i at kostnadane er reduserte gjennom reduksjon av servicenivået (antall eigendrive postkontor er redusert, generell laurdagsomdeling av post ble avslutta i 2016 og fra 2018 slår ein A- og B-post saman til ein felles brevstraum). Grunnen til endringane dei siste 20 åra er at vi sender færre og færre brev. Nedgangen held fram, og det er ingen teikn til at den avtek.

Saksutgreiing:

Samferdsledepartementet meiner kostnadane knytt til dagens servicenivå blir så høge at ein må redusere krava til dei leveringspliktige posttenestene. Departementet rår derfor til å redusere kravet til omdeling av postsendingar frå 5 dagar i veka til omdeling annan kvar dag i heile landet. Departementet ønskjer likevel innspel på alle dei alternativa som er greidd ut i Copenhagen Economics sin rapport.

- Fortsette med dagens omfang av leveringspliktige tenester
- Redusere kravet til annan kvar dag i byane og oppretthalde krav om fem dagar i veka på stader utan eigen avisdistribusjon
- Redusere kravet til omdelingsfrekvens til annan kvar dag
- Redusere kravet til omdelingsfrekvens til ein gong i veka

Analyser viser at ein reduksjon av tal omdelingsdager til annan kvar dag, vil kunne redusere staten sine kostnader til statlig kjøp av ulønnsame posttenester med rundt 500 mill. kr årleg frå 2020, medan innsparringa frå 2025 vil auke til ca. 650 mill. kr årleg.

Det vert fordelt om lag 1 million aviser i abonnement dagleg i Norge. Dei seinaste offentleggjorde tala frå avisbransjen (februar 2017) viser at Posten fordeler ca. 15 pst. av

avisene. Samstundes vil om lag halvparten av desse 15 prosentane ikkje bli utlevert til abonnentane på utgivingsdagen når utlevering skjer annan kvar dag.

Departementet legg vidare opp til ein forskriftsheimel som opnar for å pålegge Posten å tilby postboksar ved alle faste ekspedisjonsstader. Utlevering til faste ekspedisjonsstader vil skje som tidlegare, og derfor vil postmottakarar kunne motta lokal og regionalt innleverte aviser dagleg så lenge dei leiger ein postboks. Når Samferdselsdepartementet ikkje lenger vil rå til ein tilsvarande kontrakt for avisdistribusjon på dagar utan ordinær postdistribusjon, skuldast det både at færre abonnentar les avis på papir, auka breibandstenester og digital kompetanse fører til at papiraviser i aukande grad blir eit supplement til nettaviser. Avisdistribusjon annan kvar dag er komplisert og dyrt. Det er i følgje departementet ikkje forsvarleg at ein nyttar 100 million kroner årleg på omdeling av aviser på laurdagar til ein stadig meir avgrensa del av befolkninga.

Vurdering

Rådmannen meiner Samferdsledepartementet si analyse og framlegg til endring av postloven er godt gjennomarbeidd og forslaga til endring er relevante. Argumentasjon er knytt til samfunnsøkonomi og forsøker å finne eit grensensitt mellom å oppretthalde tenester og kostnad.

Rådmannen ønskjer ikkje å gå nærare inn i det som er primært eit politisk problemstilling. Rådmannen presenterer likevel eit framlegg som tar omsyn til at det framleis er store skilnader mellom by og land og at det vil vere klokt å skilje tenestenivået mellom by og spreiddbygde strok.

Førde, den 06.03.2018

Ole John Østenstad
Rådmann

Trond Ueland
Kommunalsjef